# DET·NORSKE·TEATRET

# DET·NORSKE·TEATRET

*i samarbeid med*

## RIKSTEATRET

# HEIMKOMEN HELT

Skodespel i 3 akter

av

*WALTER MACKEN*



*Dagmar Myhrvold*



*Snorre Tindberg*

C 159 015/50

# *Det Norske Teatret og landet*

Gjennom ei verksemd som har vara i snart femti år, og som byrja i tronge kår og fiendsleg atmosfære, har Det Norske Teatret slegi seg fram til ein sterk posisjon i Oslo. Det har lykkast for di teatret har sogi kraft frå heile landet; det har lange, gode røter ned i folkelivet rundt i norske bygder og byar. Evnerik ungdom har komi til hovudstaden og gjevi teatret all si kraft, all sin entusiasme og seige innsatsvilje, endå det materielle vederlaget ofte var meir enn magert. Andre kom frå sjølve hovudstaden og har vori like trufaste og verdfulle for teatret; ein skulle tru at det både språkleg og menneskeleg måtte bli eit uhomogent virvar. Men alle harde kantar har vorti slipte mot kvarandre, og ensemblet har fått ry for uvanleg fint samspel; ulikskap i lynde og bakgrunn har berre gjort det til eit rikt instrument som kan spela over eit stort register.

I hovudstaden er Det Norske Teatret eit uttrykk for heile landet. Og når det reiser på turné, er det både ei kjærkomen moralsk plikt og ei slags heimferd. For alle stader er teatret på heimetrakter, med skodespelarar frå alle kantar av landet. Den kontakt som er der på *den* måten, og som vart styrkt dei fyrste tiåra teatret eksisterte, med lange og mange spelferder, vil vi no freiste byggje endå meir ut, i nært samarbeid med Riksteatret.

I fjor spela Det Norske Teatret «Den fjerde nattevakt» om lag 140 gonger på turné. «Heimkomen helt» som no er ute, blir spela om lag 60 gonger i oktober og november, og på nyåret planlegg teatret ei ny spelferd-framsyning. Vi gleder oss til møtet med det gode publikum som kjem og ser framsyningane våre.

Velkomen til ein kveld saman med Det Norske Teatret!

*Nils Sletbak.*

LIVS- OG PENSJONSTRYGDING

**ANDVAKE**

MØLLERGT. 16 - OSLO







Store og små gutter liker å lage ting. Gjør det lett og pent med Wolf Cub hobbyverktøy.

Den maskin som skal til setter De sammen på et øyeblikk både for sliping, boring, pussing, polering, dreiing, saging og gravering.

Fyll ut kupongen og vi sender Dem den illustrerte brosjyre.

Til ...........................................................................

Send meg gratis brosjyren «Lønnsomt tidsfordriv»

Navn ......................................................................

Adresse ..................................................................

**RØNNEBERG**
HANSEN & CO A/S

**EDV. STORMS GT. 5 - OSLO**
**TELEFON 33 60 96**

# *Til Det Norske Teatret*

Det er ikkje noko anna fast teater som er betre kjent av folk i heile Noregs land enn Det Norske Teatret.

Teatret opna tilværet sitt med spelferder. Det heldt trufast på med lange spelferder i mange år jamvel etter at det hadde fått fast tilhald i Oslo.

Så kom Riksteatret og med det føresegna om at dei statsstødde teatra kvart år skulle ut på ferd som vederlag for statsstønaden. Men Det Norske Teatret reiser oftare og på mykje lengre riksteater-spelferder enn det har plikt til. At dei to teatra har funni ei form for kunstnarleg og økonomisk samarbeid som har ført til auka turnéverksemd, er vi i Riksteatret sers glade for.

I fjor fekk landet på det viset både ei omfram spelferd frå Det Norske Teatret og den vanlege. På båe ferdene spela teatret ei av dei beste framsyningane sine frå Oslo førre spelbolken: Johan Falkberget, «Den fjerde nattevakt», som såleis vart spela 136 gonger utanfor Oslo.

Samarbeidet held fram i denne spelbolken. No i haust med ei spelferd i to månader med «Heimkomen helt», og sidan med ein turné på ein månad frampå nyåret.

Vi takkar Det Norske Teatret for at samarbeidet har komi i gang i år att, og ynskjer lykke på ferda.

Helsing
*Riksteatret.*

**Elektriske Støveltørkere**

**For barn kr. 21.00**
**For voksne kr. 23.50**

Våte gummistøvler og annet skotøy tørker fint i løpet av natten. 16 W. 1 års garanti De bør finnes i ethvert hjem. Føres i alle elektriske forretninger.




Tannbørsten
må ha riktig fasong
og førsteklasses bust.
Pass på at De
får en av Jordans
modeller
WJ
JORDAN vet hvordan



## *Walter Macken*

er irlending, fødd i byen Galway i 1913. Han held på å bli ein kjend forfattar og dramatikar. Dessutan er han skodespelar og instruktør. *«Heimkomen helt»* hadde urpremiere på Abbey Theatre i Dublin 1952 og sidan har det gått på Broadway med forfattaren sjølv i hovudrolla som Paddo O'Reilly.

Andre av skodespela hans, som har vori framsynte i Irland, er «Vacant Possession» og «Mangos Mansion». Ei høyrespel-utgåve av det siste har vori send frå BBC.

Som novelle-forfattar har Walter Macken og hatt framgang. Sume av novellene har vori i «Daily Graphic» Book Find og i World Books Choice.


**VERDENS STØRSTE** *Salg*

SPESIAL GUMMIERT




**RIZLA**

**SIGARETT PAPIR**

**200 ÅRS ERFARING GARANTERER KVALITETEN**

ENESALG FOR NORGE: GUNNAR STENBERG - OSLO

# Gratis utdanning

Vet du at Forsvaret har mer enn 20 skoler som står åpne for våken og lærevillig ungdom? Undervisningen er gratis og foruten fritt opphold, klær og helsepleie får du også lønn mens du lærer.

Forsvaret har i en grad som kanskje ingen annen etat tatt den moderne teknikk i sin tjeneste — på en rekke områder har sogar Forsvaret vært banebrytende. Dette har også satt sitt preg på Forsvarets skoler. Forsvaret har i dag foruten de grunnleggende fag- og yrkesskoler en rekke tekniske spesialskoler på et meget høyt nivå.

*I den forbindelse vil vi spesielt gjøre oppmerksom på den omfattende tekniske utdanning som blir gitt det personell som skal vedlikeholde og betjene de moderne rakettvåpen. Utdanningen her omfatter bl. a. områder som radio, radar og servoteknikk.*

*Foruten de tekniske skoler har Forsvaret også selvsagt rent militære fagskoler som befalsskoler, Flygeskolen og Sjøkrigsskolen. Befalsskolene tar opp elever 2 ganger i året — i januar og juli — og Flygeskolen 4 ganger årlig. Sjøkrigsskolen tar opp elever i juni/juli hvert år.*

Dersom du ikke har nødvendige kvalifikasjoner for å komme direkte inn på skolene kan du også få disse i Forsvaret, enten ved Den militære Forskolen som fører frem til realskoleeksamen eller ved spesielle forskoler som kvalifiserer for opptak på de tekniske skolene i Flyvåpnet.

Sørg for å bli orientert i tide slik at du kan treffe det best mulige valg.

Du får alle opplysninger ved å skrive til

**Generalkrigskommissiariatet, Skolerekrutteringskontoret**

**Postboks 959, Oslo.**

LIVSTRYGDING — PENSJONSTRYGDING

**GJENSIDIGE**

*Eldste livstrygdelaget i Noreg*

Hovudkontor: Karl Johans gt. 16, Oslo. Telefon 42 18 30



*Amund Rydland*



*Helga Backe*



*Edvard Drabløs*

*Pengelotteriet - Statens Premieobligasjonslån - Utlodninger fra alle kanter av landet.*

*Fullstendige trekningsresultater finner De i*

Norske TREKNINGSLISTER Kr. 10.— pr. år.

(NORSK LOTTERITIDENDE)

# Heimkom

*(Home is*

*Skodespel i 3 akter av*

*Til norsk av A*

*Regi: D a g m a*

*Dekorasjon: S n o*

*D e i s o m e r m e d :*

Paddo O'Reilly . . . . . . . . . . . . . . . . .

Daylia, kona hans . . . . . . . . . . . . . . .

Willie, son hans . . . . . . . . . . . . . . . .

Josie, dotter hans . . . . . . . . . . . . . . .

Dovetail, leigebuar . . . . . . . . . . . . . . .

Bid, kona hans . . . . . . . . . . . . . . . .

Lily Green . . . . . . . . . . . . . . . . . .

Trapper O'Flynn . . . . . . . . . . . . . . .

Manchester Monaghan . . . . . . . . . . . . .

Turnéleiar:

Scene: Eit h

Pause et


**Hovedrollen**

**blant brannsikre skap** . . . . . .

**Pris fra kr. 457,00**

# nen helt

*the hero)*

*Walter Macken*

*rthur Klæbo*

*r Myhrvold*

*rre Tindberg*

| | |
|---|---|
| ........................ | *Amund Rydland* |
| ........................ | *Helga Backe* |
| ........................ | *Finn Kvalem* |
| ........................ | *Astrid Folstad* |
| ........................ | *Edvard Drabløs* |
| ........................ | *Siri Rom* |
| ........................ | *Henny Moan* |
| ........................ | *Ragnar Olason* |
| ........................ | *Carl Habel* |

*Carl Habel.*

us i Galway.

er 2. akt.

. . . . . . . . . . . . .

JØLI
JØRGEN S. LIEN
OSLO — BERGEN — TRONDHEIM

# ÅRETS STORE BIL-SUKSESS!

**Austin** A 55 CAMBRIDGE



*Den beste personbil i sin klasse:* 51 hk, ca. 0,8 l bensin pr. mil, ekte skinn i setene, stoppet med skumgummi. Strålende kjøreegenskaper. 5 seter.

*Pris: kr. 17 450,—.*

**Austin**

A 55 — 500 kg varebil



*Den beste varebil i sin klasse:* 51 hk motor, kjøreegenskaper som en personbil med krengningsstabilisator, billig i drift, 3,12 $m^3$ varerom.

*Pris: kr. 15 550,—.*

Dessuten 800 kg og 250 kg varebiler, samt *småbuss* med 8-12 seter.

Henvend Dem til Deres distrikts-forhandler eller direkte til:

**ERIK B. WINTER**

Stortingsgt. 20, Oslo. Telefon 41 59 10.

Importør i 31 år.

# Irsk dramatikk

Mellom dei «unge» nasjonane som har rudd seg sermerkt rom i teatersoga på dette hundreåret, står Irland som ein god nummer ein. Bernard Shaw, av engelsk ætt, men fødd og oppvaksen i Dublin, er den fyrste dramatikaren som gjev uttrykk for den sermerkte irske humor og ironi. Og Oscar Wilde har noko av same utgangspunktet som Shaw. Men medan desse to snøgt vinn seg rom i «moderlandet» og snart blir rekna for engelske forfattarar, stig det i 90-åra fram ei rekkje dramatikarar av irsk blod, som syg kraft or den gamle gæliske kulturarven, og som gjer seg til talsmenn for eit nasjonalt frigjort Irland. Det er fyrst og fremst W. B. *Yeats* og J. M. *Synge*, og av dei nolevande Sean *O'Casey*. Yeats, som etter sin natur var meir lyrisk enn dramatisk, hentar i ei rekkje av skodespela sine motiv frå irsk segn og folkevise, og skaper ut av det folkeheltar på ekte romantisk vis. I kvass opposisjon til det naturalistiske problemdrama, reiser Yeats krav på eit nytt folketeater, der fantasien skal få spela seg fritt og tene den dulde sjela til folket. Han vart då og primus motor i det fyrste irske nasjonalteatret, The Abbey Theatre i Dublin, skipa i 1899.

Sin fremste arvtakar fekk Yeats i Synge, som vil vera kjend for publikum her frå framsyninga av «Helten på den grøne øya». Med ein viss rett har denne komedien vori kalla for Irlands «Peer Gynt», og Synge står i sine få, men sers originale skodespel på høgd med Ibsen som nyskapande

*Framhald side 17*

**Tørre kroppsfjær**

av HØNS, ENDER og GJESS kjøpes!

**A/S NORSK FJÆRFABRIK**

**Telefon 37 69 94 — OSLO — Gøteborggt. 33**

**Alle gode ting er 3!**

1. NYLON VASK vaskekrem på tuber. Utrolig god til all slags vask. Prøv den også som vindusvask!
2. NYLON PASTELL HJEMMEFARGER gir Deres falmede nylon undertøy, bluser, kjoler, skjorter m. v. sin opprinnelige farge tilbake. Velg i lekre pastellfarger.
3. ALKO permanent stivelse. Den moderne stivelse som tåler vask og koking!

**ALKEMIKOS - OSLO** **Gode ting alle 3!**

*Dei tider som kjem vil krevja samhald meir enn nokon gong før*

*NORGES BONDELAG*


*Ragnar Olason*


*Siri Rom*


*Astrid Folstad*


*Finn Kvalem*


*Henny Moan*


*Carl Habel*


# *Norges Kjøtt- og Fleskesentral*

**Schweigaards gate 2 (Kjøtthallen)**

***Inngang Grønlands torv — Sentralbord 68 35 00***

DEN NYE SILIKONHOLDIGE




Eneste kombinerte kjemisk *selvvirkende* særlig vannavstøtende rense- og smøremiddel for våben og mekanisme, fiskesneller, sykler, symaskiner, verktøy, låser o.l.

**Av nyeste amerikanske standard.**



Det anerkjente
kvalitetslim
for
hjem - kontor - skole
til
foto - papir - papp




C. N. RODE & KARKO A/S

Oslo. Etabl. 1863

dramatikar. Som Ibsen vart han og lønt med «stokkepryl» i heimlandet for den fritalande kritikken over landsmennene sine. — Det same gjeld i nokon mon Sean O'Casey, arbeidardramatikaren frå Dublin, som med åra har vorti altfor radikal til å kunna semjast med den sosiale utviklinga i Irland. Det Norske Teatret vann i 20-åra to av sine fremste sigrar med ungdomsstykka hans, «Juno og påfuglen» og «Plogen og stjernone».

Irland syner i dag eit rikt teaterliv, og få land kan peike på så rik ein vokster i si dramatiske dikting. Framleis er det den typisk irske humoren som rår grunnen. Ofte kan denne verke noko «sprelsk» og agelaus på oss nøkterne skandinavar. Men det er ein sunn og vital humor, skapt av eit folk med friskt mot på livet og varm kritisk omsut for sine medmenneske.

*Olav Dalgard.*


## Postlegitimasjon

***Postverket ferdar ut gratis identitetskort***

Nå kan alle norske borgarar få identitetskort gratis på posthusa. Spar Dykk for tidstap og vanskar. Gjer Dykk sjølv den tenesta å få eit identitetskort når De likevel er på posthuset. Ver venleg å ta med Dykk eit passfoto eller eit godt amatørfoto, 3,5 cm x 3,5 cm, og papir som viser at De er den De gjev Dykk ut for å vera. Fylgjande papir er gyldige i denne samanhengen: Dåpsattest (fødselsattest), bustadattest, konfirmasjonsattest, vigselsattest, førarkort for motorvogn, politipass.

*Fotografi 3,5 cm x 3,5 cm + Legitimasjonspapir*
*= Gratis identitetskort*

*I eit godt samfunn*
*skal den eine næring vera med*
*og byggja den andre opp!*

# Norsk Bonde- og Småbrukarlag

***er fagsamskipnaden for det mindre jordbruk.***

Røynsla syner at utan fagleg samskipnad får ein ikkje betra sine økonomiske kår.

*Difor:* Alle som vil framgang i jordbruket, bli med i den organiserte småbrukarrørsla! Skriv til Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Kr. Augustsgt. 19 — Oslo.

# URD — *DET NYE URD*

***forankret i gode tradisjoner — våkent og aktuelt — er URD bladet for moderne tenkende mennesker.***

●

**Blant dem som skriver i URD, kan nevnes:**

Anne-Lise Aas
Johan Borgen
Stein Bugge
Alette Bull
Lissi Carén
Solveig Christov
Carl Fredrik Engelstad
Johan Falkberget
Arne Fjelberg
Carl O. Gram Gjesdal
Ebba Haslund
Finn Havrevold
Zinken Hopp
Yngvar Hauge
Eva Kolstad
Halvdan Ljøsne
Ole Mæhle
Ada Polak
John Sanness
Inge Schee Krefting
Mentz Schulerud
Tordis Støren
Elsa Uhlen
Gisken Wildenvey
Gunvor Øwre Havrevold
Love Yngve Anderson

med flere.

●

*URD kommer fortsatt hver 14. dag. Abonnement, kr. 20,— for året, kr. 10,— for halvåret, kan tegnes hos bokhandlere, på postkontorer eller direkte i*

# *URD*

*Ø. Slottsgt. 21, Oslo.*

# Norges Brannkasse

Grunnlagt 1767

**BRANN - AVBROT - ANSVAR**
**KREDITT - INNBROT - GLAS**
**VASSLEIDNINGSSKADE M. V.**

*Trygdetakarane sitt eige trygdelag*



Repress Reklamebyrå, Oslo.

Johansen & Nielsen, Oslo.